

No ser eg atter slike fjell.



No ser eg atter slike fjell og dalar,



som deim eg i min fyrste ungdom såg,



og same vind den heite panna svarar,



og gullet ligg på snjo som fyrr det låg.



Det er eit barnemål som til meg



taler, og gjer meg tankefull men endå



fjåg. Med ungdoms minne er den ta - la



blanda, det ströymer på meg so eg knapt kan anda.

2. Ja, livet ströymer på meg som det ströymde når under snjo eg såg det gröne strå. Eg dröymer no som fyrr eg alltid dröymde når slike fjell eg såg i lufti blå. Eg glöymer dagens strid, som fyrr eg glöymde, når eg mot kveld eit glimt av sol fekk sjå. Eg finner vel eit hus som vil meg hysa, når soli heim til natti vil meg lysa.

3. Og kvar ein stein eg som ein kjenning finner, for slik var dei eg sprang ikring som gut. Som det var kjempor spør eg kven som vinner av den og denne høge andre nut. Alt minner meg, det minner, og det minner, til soli burt i snöen sloknar ut. Og in i siste svevn meg eingang huggar det gamle minne og det gamle skuggar.